



Wenche og Arne Pettersen  
Vestbygdvegen 346  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/683 - 15/9003

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
06.05.2015

## GODKJENNING- Oppføring av driftsbygning på gbnr 12/2 og 3 på Nedre Tveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 147/2015**

**Tiltakshavar:** Arne og Wenche Pettersen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 09.04 og 23.04.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av sauefjøs på 221 m2 BYA på gbnr 12/2 og 3 på Nedre Tveit.

### VURDERING

#### Planstatus:

Eigedommen er ein landbrukseigedom og ligg i kommuneplanen som eit LNF- område (landbruk, natur og friluftsliv).

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 06.04- 07.04.2015. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar samtykkjer til tiltaket. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 09.04.2015.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Det er opplyst at sauefjøsset/driftsbygningen skal ha innlagt vatn. Eigedomen gbnr 12/2 er frå før tilknytt kommunalt vassverk og det skal ikkje betalast noko ny tilknytingsavgift. Eigar kan sjølv velja om vassforbruket til sauefjøsset skal betalast etter stipulert forbruk, forbruk per dyr, eller etter målt forbruk, jf gebyrregulativet for vatn og avlaup i Meland kommune.

Kommunen ynskjer attendemelding om kva alternativ som er valgt, seinast ved søknad om ferdigattest for bygget.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av Driftsbygning/sauefjøs på 221 m<sup>2</sup> på gbnr 12/2 og 3 på Nedre Tveit, i samsvar med søknad motteke 09.04 og 23.04.2015.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 09.04 og 23.04.2015.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

#### Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20150506124934

20150506125006